

---

**Fra:** Post Masfjorden kommune  
**Sendt:** 18. desember 2015 09:01  
**Til:** Liv Oda Dale  
**Emne:** VS: Masfjorden kommune Hordaland - Høyring - Midlertidig dispensasjon frå arealdelen ved AK 6 - forsøk med oppdrett av tare i ein periode på 3-5 år

---

**Fra:** Ola Midttun [<mailto:Ola.Midttun@fiskeridir.no>]  
**Sendt:** 18. desember 2015 08:55  
**Til:** Post Masfjorden kommune  
**Emne:** Masfjorden kommune Hordaland - Høyring - Midlertidig dispensasjon frå arealdelen ved AK 6 - forsøk med oppdrett av tare i ein periode på 3-5 år

Masfjorden Kommune  
Postboks 23  
  
5981 MASFJORDNES

Sakshandsamar: Ola Midttun  
Telefon: 46888567  
Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon  
Vår referanse: 15/18534  
Dykkar referanse: 15/813 - 15/5559  
Vår dato: 17.12.2015  
Dykkar dato: 15.12.2015

Att: Roald Kvingedal

## **MASFJORDEN KOMMUNE HORDALAND - HØYRING - MIDLERTIDIG DISPENSASJON FRÅ AREALDELEN VED AK 6 - FORSØK MED OPPDRETT AV TARE I EIN PERIODE PÅ 3-5 ÅR**

Vi viser til brev av 15.12.2015 frå Masfjorden kommune som gjeld søknad frå Engesund Fiskeoppdrett AS om dispensasjon frå kommunen sin arealplan ved AK 6, lokalitet 34657 Laberget, forsøk med dyrking av tare i kombinasjon med lakseoppdrett.

### **Om søknaden**

Engesund Fiskeoppdrett AS søker om mellombels dispensasjon frå arealplanen for å kunne søkje om FOU-konsesjon for eit forskingsprosjekt der ein skal produsere laks i kombinasjon med tare. Engesund vil nytte lokalitet 34657 Laberget og har trong for eit produksjonsareal på 10 ha som er utover arealet som er sett av for akvakultur i arealplanen. Lakseanlegget vert liggjande som i dag innafor AK 6, men plassering av tareinheter vert liggjande utafor område som er sett av for akvakultur.

### **Fiskeridirektoratet region vest sin vurdering**

Fiskeridirektoratet region vest skal vurdere om dispensasjonssøknad representerer auka konfliktpotensial med fiske.

Vi har vore i kontakt med dagleg leiar Svein Eivind Gilje ved Engesund Fiskeoppdrett AS for å få avklåra spørsmål til kartskissene som er presentert i søknaden. På framsida av brevet til Masfjorden kommune er synt ei kartskisse der alle tareeinhetene er plassert på austsida av lakseanlegget. I vedlegg til søknaden (figur 1), er ei skisse der tareinheter er lagt ut på kvar sida (aust og vest) av lakseanlegget. Tareinheter på vestsida kjem i nærleiken av sjøområde som er sett av som ein-kategori fiskeområde gjennom kommuneplanen. Svein Eivind Gilje har informert oss om at det er skissa som syner plassering av alle tareinheter på austsida av lakseanlegget, og lengst vekk frå fiskeområde, som gjeld.

**Fiskeridirektoratet kan ikkje sjå at søknad om dispensasjon for forsøk med dyrking av tare ved lokalitet Laberget vil kome vesentlig til hinder for fiske. Det er ikkje registrert særskilde fiskeriinteresser i sjøområdet der tareinheter er planlagt lagt ut, og vi har såleis ingen vidare merknader til søknaden.**

Med helsing

Hanne Marie Utvær  
fungerande seksjonssjef

Ola Midttun  
seniorrådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift*

**Mottakarliste:**

Masfjorden Kommune

Postboks 23

5981

MASFJORDNES

**Kopi til:**

Kystverket Vest	Plan- og Kystforvaltningsavdelingen	6025	ÅLESUND
Fylkesmannen i Hordaland	Miljøvern- og klimaavdelinga	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Fiskarlaget Vest	Slottsgt. 3	5003	BERGEN

**Vedlegg**